

Hemne  
12°

eAVIS

KUNDESERVICE

TIPS OSS

[Distriktet Rundt](#)
[Kultur](#)
[Sport](#)
[EAvis](#)
[A - Å](#)


▼ ANNONSE

FORSIDEN/ GLØDANDE ELDKORN

# Glødande Eldkorn

Flott stemning under norgespremieren. Det er eit storverk å få til ein opera som Eldkorn på Husaby i Skaun.

NYHETER

Publisert: 15 august 2005 10:17 AM

Sist oppdatert: 11 april 2011 13:38 PM

Det var fortetta stemning på Husaby da operaen Eldkorn hadde urpremiere seint torsdag kveld. Amfiet var stuvande fullt, med rundt 350 spente publikummarar. Etter ein generalprøve kvelden før i ausande regn, var det nok mange som sende ein takknemleg tanke til vergudane, som let dei grå skyene henge nesten ufarlege på himmelen, mens augustmørkret senka seg over kyrkjeruinane og den snart mogne kornåkeren raudna og gløda i skinet frå lyskastarane.

Enkle lurtonar sette oss i sagastemning, mens folket på Husaby og husbonden deira, Einar Tambarskjelve (Per-Arne Vighals) med kona Bergljot (Ingunn Solem), dottera Ålov (Jeanette Krommen) og sonen Eindride (Lars Eggen) inntok kyrkjeruinane. Husabyfolket, både barn og vaksne i flotte tidsriktige kostymar, slo taktfast og illevarslande på staurane dei hadde med seg. Dramaet var i gang.

## Uro

Det er Einar Tambarskjelves siste kveld på Husaby. Konflikten med kongen, Harald Hardråde, tynger Einar, og no vil han reise til Nidaros for å forsone seg med kongen. Men uroa ligg under, både hos Einar, Bergljot og resten av folket på Husaby. Knut Anders Vestads musikk er verkeleg dramatisk med paukar, slagverk, trøorgel og eit solid lag med blåsarar i orkesteret. Geir Johan Nergaards tekst går rett på kjernen i konfliktane med liv, død, angst, ære og mot. «Kornet har reist seg, snart skal det mognast. Havet har reist seg, det kan ikkje lo gnast. Eldkorn».

Om ein ikkje får med seg absolutt alle orda, så er hovudbodskapen så klar i kvar song. Solistane og koret fyller Husaby med velyd og dramatik. Bergljot og Einar i alvorsstyngde, men også kjærleiksfylte «dialogar», Ålov og Eindride med klare, lyse stemmer.


## Dans

Akkurat når vi blir metta på den dramatiske stemninga, bryt ein dans på kyrkjeruinmuren opp det heile. Men noka laussleppt scene blir det ikkje, det illevarslande heng heile tida over Husaby denne kvelden. Elin Hassel Iversens regi utnyttar heile kyrkjeruinane som scenerom, med kornåkeren som



Operaen Eldkorn på Husaby vart ein suksess, med dramatik, vakker musikk, song og flott, fargerik stemning. Jeanette Krommen debuterte med opera i heimbygda.

## Profilerte stillinger



« Forrige side

Neste side »

## NYHETER



### Stas på stasjonsdagen

Det går alltid et tog på stasjonsdagen. Se bildegalleri fra lørdagens begivenhet på Fannrem. **LES MER**

«bakteppe». Fokuset flytter seg frå scene til scene, og vi får mange flotte tablå som vekslar mellom masseopptrinn og solistane i ulike konstallasjonar. Scenografien er svært enkel, men ikkje mindre genial. Staurane og nokre korte stokkar blir brukt til å skape alt frå langskip og årer til krossar mot nattehimmelen.

Mot slutten flytter det heile seg til Nidaros. Levande eld blir tend i kvart hjørne av «scena», koret står og lager «hus» med staurar, og Einar møter kongen (Bjørn Sundseth). Vi ser korleis kongens menn står klare til å drepa Tambarskjelve, og at også Eindride fell i bakhald, og vi ser Bergljot sørge. Det er opera, og det er mange «store» kjensler, men det er tilgjengeleg, også om ein ikkje kjenner alle detaljane i historia.

Oppsettinga av Eldkorn er først og fremst stemning og fantastiske inntrykk, både musikalsk og visuelt. Samtidig er det ein viktig bit av norgeshistoria som blir gjort levande, og som vi kanskje får eit nærare forhold til etter å ha sett forestillinga. Det er eit storverk å få til ein opera som Eldkorn på Husaby i Skaun.

Anbefal Bli den første av dine venner til å anbefale dette.

0

0 Kommentarer avisa-st

D Logg inn ▾

Beste først ▾

Del 📄 Favoritt ★



Start diskusjonen...

Vær den første til å kommentere.

OGSÅ PÅ AVISA-ST

HVA ER DETTE?

### – Dette er utrivelig å finne på ei gangbru

2 kommentarer • for 9 dager siden



pizzt — jaja, sånn går nå dagen. My å gå t avisa for gitt. Ei lita regnskur no, så e jo derre bort.

### Jobber med boliger for flyktningene

Én kommentar • for 2 dager siden



Ann Tove Buklev — Kommunestyret har vel gått mot befolkningens vilje, siden de raste på Facebook. Ta ...

### Politiet leter etter skadet mann

Én kommentar • for 4 dager siden



meg — hva skjedde så videre? jo, han valser rundt i sentrum. ser ikke helt bra ut. flere kikka rart på ...

### Eva & The Baritones på helsesenter

Én kommentar • for 3 dager siden



HNe — Flott arrangement for generasjonen som bygde landet vårt!

📧 Abonnér



### Dobbelt Skaun i monté-NM

Etter ett ridd løp er det dobbelt Skaun i tet i monté-NM som går av stabelen i Drammen i dag/lørdag. **LES MER**



### Dette er «Rudolf Larsens Plass»

Utkikkspunkt ved Nedre Rømme oppkalt etter avdød ildsjel. **LES MER**



### Anmeldt etter slåsskamp

Politiet rykket ut til Shell Bårdshaug natt til lørdag. **LES MER**



### Dans og storbil på Storås


Dansegilde og lastebiler strømmet til Storås fredag kveld. **LES MER**



Avisa Sør-Trøndelag

Liker

4416 personer liker Avisa Sør-Trøndelag.



Sosial tilleggsfunksjon for Facebook



### Boligbrann på Orkanger

Ingen er savnet i brannen.

**LES MER**

### Stas på stasjonsdagen

Det går alltid et tog på stasjonsdagen. Se bildegalleri fra lørdagens



### Morken ble norgesmester

Hege Solvang Morken fra Skaun ble i dag norgesmester i travritt. På



### Dette er «Rudolf Larsens Plass»

Utkikkspunkt ved Nedre Rømme oppkalt etter avdød ildsjel. **LES MER**



### Til sykehus etter sykkelkollisjon

Syklet inn i hverandre og veltet ved Gangåsvatnet.

**LES MER**